



**FYLKESMANNEN I
MØRE OG ROMSDAL**

HØYRINGSBREV



**GRONSENDRING
NUPAFJELLET NATURRESERVAT,
SANDE KOMMUNE
Høyringsfrist: 05.05.2014.**

1 INNLEIING

Fylkesmannen i Møre og Romsdal vil med dette høyre ei mindre grenseendring i Nupafjellet naturreservat i Sande kommune. Endringa medfører ein reduksjon av arealet med om lag 3 dekar fastmark. I samband med dette vert verneforskrifta for naturreservatet tilpassa til det nye arealet.

2 BAKGRUNN FOR ENDRINGA

Nupafjellet naturreservat vart verna 28.05.2010 med følgjande føremålsparagraf i verneforskrifta:

«Formålet med naturreservatet er å ta vare på eit område med særskilt verdi for biologisk mangfald. Området er eit urørt bratt kystområde med lynghei- og myrvegetasjon, nakne svaberg og stup, som med sjøområdet utanfor og naturleg tilhøyrande plante- og dyreliv, utgjer ein viktig hekkelokalitet for fleire måkeartar og ærfugl».

Naturreservatet er ca. 1,141 km², av dette er om lag 0,231 km² sjøareal. Reservatet omfattar nord- og vestvendte strender og bratte fjellsider frå sjøen opp mot om lag 240 meter over havet.

Grunneigaren av eigedom 25/2 søkte i 2010 om dispensasjon til å bygge ny brønn for å sikre vassstilførselen til eigedom 25/2. Eigedom 25/3 får også vatn frå brønnen deira. Søknaden vart avslått da fylkesmannen ikkje fann heimel i verneforskrifta til tiltaket. Da området kor brønnen er planlagd bygd ikkje er eit viktig funksjonsområde for sjøfugl, foreslår vi ei grenseendring slik at grunneigaren sitt behov for vasskjelde kan imøtekommast.

Plasseringa av brønnen er tenkt 20-50 meter innafor den noverande grensa til naturreservatet. Den eksisterande brønnen, som er utanfor reservatet, ligg lavt i terrenget. Ein stor del av vatnet er humushaldig og av dårleg kvalitet. Vasskvaliteten tilfredsstillar ikkje krav for bruk til mjølkeproduksjon og vatnet må ofte kokast før det kan tas i bruk. I tillegg har søkjaren munnleg orientert fylkesmannen problem knytt til botnfrysing av brønnen. Næraste kommunale vassføringsnett er om lag 2 km unna.

3 ENDRINGSFRAMLEGGET

Fylkesmannen har utarbeidd eit framlegg til grenseendring der ein tek utom lag 3 daa av reservatet. Vi har vist gammal og ny grense i vedlagte kart. Etter grenseendringa vil arealet vere om lag 1138 daa. Landarealet for verneområdet vil vere på 907 daa. Sjøarealet blir uendra.

Grenseendringa vil ikkje endre kva for eigedommar som omfattast av verneforskrifta.

Vi har vurdert grenseendringa etter prinsippa i naturmangfaldlova §§ 8-12, jf. også § 7.

Etter § 8 om kunnskapsgrunnlaget er det ingen truga eller raudlista artar eller naturtypar i området som vert teke ut av naturreservatet. Arealet som er foreslått teke ut er innafor yngleområdet til sildemåke, ærfugl, svartbak og gråmåke i naturbase, men fylkesmannen vurderer denne delen av området til ikkje å vere eit viktig funksjonsområde. Plasseringa av brønnen er tenkt i eit lite fuktig område utan spesielle kvalitetar, omkransa av sitkagran og prega av attgroing. Kunnskapsgrunnlaget er tilstrekkeleg for å vurdere effekten av grenseendringa.

Føre-var-prinsippet (§ 9) er ikkje lagt vekt på i denne saka da kunnskapsgrunnlaget er godt nok.

Ut frå prinsippet om økosystemtilnærming og samla belastning i § 10, kan vi ikkje sjå at fjerning av eit areal frå reservatet vil gje noko tap verken for Nupafjellet naturreservat eller naturverdiane i området.

Prinsippet om kostnader ved miljøforringing (§ 11) og miljøforsvarlege teknikkar/driftsmetodar (§ 12) kjem ikkje til bruk i denne saka.

Konklusjon

Vi kan ikkje sjå at grenseendringa medfører tap av verneverdiar i Nupafjellet naturreservat. Arealet som er føreslått tatt ut av Nupafjellet naturreservat er ikkje eit viktig funksjonsområde for sjøfugl. På same tid vil grensejusteringa vere nok til å imøtekome grunneigaren sitt behov for vasskjelde



4 HØYRING OG MERKNADSRIST

Framlegget ligg ute til offentleg ettersyn på Sande Rådhus, Larsnes, i tida 24.03.2014 – 05.05.2014. Evt. merknader skal sendast innan 05.mai 2014 til Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Fylkeshusa, 6404 Molde, eventuelt på e-post til fmmrpostmottak@fylkesmannen.no.

Forslag til ny vernegrense, Nupafjellet naturreservat, Sande kommune, M&R



verneplan for hekkande sjøfugl i Møre og Romsdal



NUPAFJELLET NATURRESERVAT

Sandøy kommune, Møre og Romsdal

- Grense for naturreservat
- Forslag til ny grense for naturreservat

0 100 200 Meter



Målestokk 1:7000

Kartgrunnlag N 5 raster, WGS84, sone 32

Fylkesmannen i Møre og Romsdal, mars 2014

Forskrift om verneplan for hekkande sjøfugl. Vern av Nupafjellet naturreservat, Sande kommune, Møre og Romsdal

§ 1. Avgrensing

Naturreservatet vedkjem gnr./bnr. 25/1, 25/2, 25/3, 25/4, 26/1 og 27/4 i Sande kommune.

Naturreservatet er på omlag ~~1,141~~ 1,138 km², av dette er omlag ~~0,910~~ 0,907 km² landareal og omlag 0,231 km² sjøareal.

Grensene for naturreservatet går fram av kart i målestokk 1:7 000, datert Miljøverndepartementet mars 2010. Dei nøyaktige grensene for naturreservatet blir merka av i marka der dei går over land. Knekkpunkta for grensene for naturreservatet skal koordinatfestas.

Verneforskrifta med kart blir oppbevart i Sande kommune, hos Fylkesmannen i Møre og Romsdal, i Direktoratet for naturforvaltning og i Miljøverndepartementet. Det same gjeld jordskiftekartet som lages etter grensemerking.

§ 2. Formål

Formålet med naturreservatet er å ta vare på eit område med særskilt verdi for biologisk mangfald. Området er eit urørt bratt kystområde med lynghei- og myrvegetasjon, nakne svaberg og stup, som med sjøområdet utanfor og naturleg tilhøyrande plante- og dyreliv, utgjør ein viktig hekkelokalitet for fleire måkeartar og ærfugl.

§ 3. Vernereglar

I naturreservatet må ingen gjere noko som forringar verneverdiane som er angitt i verneformålet.

For naturreservatet gjeld følgjande vernereglar:

1. All vegetasjon på land og i vatn (inkludert tang og tare) er verna mot skade og øydelegging. Det er forbode å fjerne planter og sopp (inkludert lav) eller delar av desse frå reservatet. Nye planteartar må ikkje innførast. Planting eller såing av trær og anna vegetasjon er forbode.
2. Dyrelivet, inkludert reirplassar og hiområde, er verna mot skade, øydelegging og unødige forstyrring. Hundar skal holdast i band. Utsetjing av dyr er forbode.
3. Det må ikkje setjast i verk tiltak som kan endre naturmiljøet, som f.eks. oppføring av bygningar, anlegg, gjerder, andre varige eller mellombelse innretningar, etablering av oppdrettsanlegg, bortsetting av brakker e.l., opplag av båtar, framføring av luftleidningar, jordkablar, kloakkleidningar, nyplanting, oppdyrking, drenering eller anna form for tørrlegging, uttak, oppfylling og lagring av masse, utføring av kloakk eller andre konsentrerte tilføringer av forureining, bortlegging av avfall, gjødsling, kalking eller bruk av kjemiske plantevern- eller skadedyrmiddel. Forsøpling er forbode. Oppistinga er ikkje uttømmande.

§ 4. Generelle unntak frå vernereglane

Vernereglane i § 3 er ikkje til hinder for:

1. Drift og vedlikehald av Kystverket sine anlegg.
2. Beiting. Direktoratet for naturforvaltning kan av omsyn til verneformålet regulere

beitetrykket ved forskrift i heile eller delar av reservatet.

3. Sanking av bær og matsopp og plukking av vanlege planteartar inkludert tang til privat bruk.
4. Jakt, fangst og fiske i samsvar med gjeldande lovverk.
5. Vedlikehald av anlegg og innretningar som er i bruk på vernetidspunktet.
6. Vedlikehald av gjerde.
7. Utsetting og gjenfangst av stadeigne marine organismar i forbindelse med havbeitenæring etter akvakulturlova.

§ 5. Regulering av ferdsel

All ferdsel skal skje varsamt og ta omsyn til vegetasjon, dyreliv og kulturminnar.

I naturreservatet gjeld følgjande reglar for ferdsel:

1. I tida frå og med 1. mai til og med 31. juli er det forbod mot ferdsel på land i verneområdet, med unntak av stien frå Drageskardet til Nupatinden.
2. Motorferdsel på land er forbode.
3. Start og landing av luftfartøy og lavtflygning under 300 meter er forbode.
4. Direktoratet for naturforvaltning kan av omsyn til verneformålet forby eller regulere ferdsel i heile eller delar av reservatet ved forskrift.

§ 6. Generelle unntak frå ferdselsreglane

Reglane i § 5 er ikkje til hinder for:

1. Gjennomføring av militær operativ verksemd og tiltak som gjeld politi-, brannvern-, ambulanse-, oljevern-, redningsteneste- og oppsynsverksemd, samt gjennomføring av skjøtsels- og forvaltningsoppgåver som er bestemt av forvaltningsstyresmakta. Unntaket gjeld ikkje øvingskjøring.

Reglane i § 5 2. ledd er ikkje til hinder for:

2. Ferdsel i samband med drift og vedlikehald av Kystverket sine anlegg.
3. Nødvendig ferdsel i samband med beite, inklusive tilsyn med dyr på beite, oppsetting og vedlikehald av gjerde og liknande.
4. Nødvendig motorferdsel i forbindelse med uttransport av sjuke og skadde bufe. Kjøretøy som vert nytte skal vere skånsam mot markoverflata. Det skal givast melding til ansvarleg oppsyn for verneområdet før kjøring.
5. Ferdsel på land ved bruk av landfeste i forbindelse med yrkesfiske.
6. Forsvarets nødvendige lavtflygning.

§ 7. Spesifiserte dispensasjonsreglar

Forvaltningsstyresmakta kan etter søknad gi dispensasjon til:

1. Oppføring av nye anlegg, flytting av anlegg, og tilbygg til eksisterande anlegg for Kystverket.
2. Oppsetting av gjerde for regulering av beite.
3. Etablering av landfeste for fiskereiskap.
4. Ferdsel på land for fangst av mink.
5. Rydding av vegetasjon på land.
6. Nødvendig motorferdsel i forbindelse med aktivitetar etter § 4 nr. 5 og 6, § 6 2. ledd nr. 1 og § 7 nr. 1, 2, 4 og 5.

§ 8. Generelle dispensasjonsreglar

Forvaltningsstyresmakta kan gjere unntak frå forskrifta dersom det ikkje strir mot vernevedtaket sitt formål og ikkje kan påverke verneverdiane nemneverdig, eller dersom sikkerheitsomsyn eller omsynet til vesentlege samfunnsinteresser gjer det naudsynt, jf. naturmangfoldloven § 48.

§ 9.Skjøtsel

Forvaltningsstyresmakta, eller den forvaltningsstyresmakta fastset, kan iverksetje skjøtsel for å oppretthalde eller oppnå den natur- eller kulturtilstand som er føremålet med vernet.

§ 10.Forvaltningsplan

Det skal utarbeidas forvaltningsplan med nærare retningsliner for forvaltning av naturreservatet. Forvaltningsplanen kan innehalde nærare retningsliner for gjennomføring av skjøtsel, og skal etter planen leggast fram innan 28. mai 2011.

§ 11.Forvaltningsstyresmakt

Direktoratet for naturforvaltning fastset kven som skal ha forvaltningsstyresmakt etter denne forskrifta.

§ 12.Iverksetjing

Denne forskrifta trer i kraft 1. august 2010.